



[Ingebjørg trilla inn mange mål i helga](#)

Rosendalsdamene med solid innslag av uskedelingsar har i helga prestert noko ein må kalla ein fotballfest. Laurdag vann dei 13-0 over Bjørgum og idag var dei ikkje snauare enn at dei presterte 13-2 over Stord Fotball 2. - Eventyrlig, eg har aldri opplevd maken, seier veteranen Arvid Nes til uskedalen.no og berømmar særleg Ingebjørg Haugland for ein stor prestasjon. Kor mange av dei 26 måla ho scora har han ikkje oversikt over!

Men dei rette tala er 3 mål i går og 3 mål i dag.

6 spelarar frå Uskedalen har vore med på målkaset hvis ein ser dei 2 kampane under eitt. Det er Ingebjørg Haugland, Gørrill Samland Eik, Anne Marthe Zimmer, Anita Simensen, Kari Bråtun, og Kathrine Yri Røssland.

Gørrill scora 3 og Kari 2 - framleis hvis ein ser dei 2 kampane under eitt. Eit anna poeng er at 4 av spelarane scora hat-trick.

Trenar Magne Skår har denne kommentaren:

- No fekk jentene visa kva som eigentleg bur i dei. Tidlegare har prestasjonane ofte stoppa på 'nesten'.

Tekst og foto:Ola Matti Mathisen